
Saksnr: 2020/36264-17
Saksbehandlar Åge Avedal
Dato: 18.12.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkluderingl

Melding om konkursopning, UngVest

Bergen tingrett har 1. desember 2020 sendt ut melding om konkursopning i buet til UngVest Barne- og ungdomsorganisasjonene på Vestlandet. Fordringar til buet kan meldast til bubestyrar innan 5. januar 2021, og det er varsla skiftesamling i buet 11. februar 2021.

UngVest er paraplyorganisasjon for dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane på Vestlandet, og har motteke driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune fram til 2019.

Vestland fylkeskommune har via Deloitte gjennomført kontroll av tilskotsmottakar. Notatet etter kontrollen har vore handsama politisk i hovudutval for kultur, idrett og integrering 15. oktober 2020, der utvalet vedtok å sende notatet over til kontrollutvalet for vurdering og eventuell vidare behandling. Utvalet bad også kontrollutvalet vurdere å sjå på tilskotsforvaltninga i sin heilskap med spesiell merksemd rundt kontroll og etterprøvbarheit av midlar som blir løyvd frå fylkeskommunen. Kontrollutvalet gjorde vedtak i møte 25. november 2020 om at dei ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune.

Vedlegg

- 1 Ungvest - Melding om konkursåpning